



Sykelstrategi for Voss herad 2025-2026

- Å få fleire til å sykla eller gå framfor å ta bil, er viktig med omsyn til folkehelsa og utslepp frå vegtrafikk. Difor skal Voss herad jobba for å tilretteleggja betre for syklende.
- I samband med medverknad knytt til revidering av kommuneplanen vart debatten «Voss – bygd for syklistar?» halde i biblioteket 25. mars. I borgarpanelet om bilbygda Voss, 3. april, vart tilhøva for syklistar drøfta i fleire av gruppene. Arbeidsoppgåvene i denne strategien tar utgangspunkt i desse medverknadsaktivitetane, i tillegg til sentrumsplanen, Vossaklima 2030, trafikksikringsplanen og gjeldande kommuneplan.
- Sykkelarbeidet er delt inn i tre hovudtema: infrastruktur, parkering og haldningsskapande arbeid. Oppgåver tilhøyrande desse temaa står i prioritert rekkefylgje.

Sykkelparkering

1. Etablera sykkelparkering i kjellaren på Tinghuset. Midlar frå klimabudsjettet.
2. Sykkelparkering i sentrum. Det trengs fleire enkle sykkelparkeringar som er tillaga dagens elsyklar og som har plass til sykkelvogner. Aktivera Voss Sentrum. Etablera sykkelparkering i VossaPark. Aktivera Voss Parkering AS. Midlar frå klimabudsjettet.
3. Sykkelparkering på skular (lett låsbare). Behova er kartlagt frå Byggdriфт. Palmafossen, Gullfjordungen og Skulestad skule har meldt frå om behov for sykkelparkering med tak. Bruka taka som ligg på Istad. Ordna parkering for spesialsyklane til Vangen skule i tredje etasje på VossaPark.
4. Søkja om midlar til låsbart sykkelstur på Tinghusplassen.
5. Samarbeida med Bane NOR om å få etablert låsbart sykkelstur på stasjonsområdet.

Barrierar: finansiering, kapasitet.

Infrastruktur for sykkel

1. Finna ei enklare og rimelegare løysing for Brynagjelet som har større sannsyn for å verta gjennomført. Kopla dette til trafikksikringsplanen.
2. «Lappa» på det sykkelnettet me har gjennom enkle grep, som å laga asfaltrampe frå fortau til veg når fortauet brått stoppar. Vera merksam på omsyn til menneske med nedsett funksjonsevne.
3. Tilretteleggja betre for syklistar i sentrum. Særleg gjennom Vangsgata, og gjerne i Uttrågata òg.
4. Gjennomføra eit snarvegprosjekt for å få betre oversikt over desse. Kor ligg dei (må markerast tydelegare på kart) og kva er statusen på desse? Kva potensial ligg i oppgradering mtp. bruk? Kopla dette opp mot rullering av trafikksikringsplanen.
5. Gjennom KPA og trafikksikringsplanen: i) sikra eit meir samanhengande sykkelnett, ii) definera tydelegare kor det er behov og riktig med eigne sykkelfelt, og på kva vegar ein ynskjer å leggja til



- rette for sambruk. Vurdera å bruka digitale teljingar som metode.
6. Syta for at ein vinterstid brøyter sykkelveg like effektivt som bilveg, og at ein om våren kostar sykkelvegane for grus og småstein som gjer sykling meir trafikkfarleg.
 7. Vurdera å etablere fleire tilrettelagde sykkelstiar i terrenget for å redusere slitasje i sårbare område.
 8. Definere korleis sykkel skal takast omsyn til i nye prosjekt.

Barrierar: fragmentert ansvarsområde, samarbeid med Statens vegvesen, Nye veier mfl., at Voss ikkje er prioritert i NTP.

Haldningsskapande arbeid

1. Barn og unge: trafikkreglar for syklistar inn i barneskulen (Trygg trafikk), få ungdomsskuleelevar til å bruka hjelm (konkurranse der ein får pengar til skuletur?). Alliere oss med Ungdomsrådet og ungdomsarbeidarane.
2. Gjere det enkelt for tilsette å booka elsyklane til heradet.
3. Laga ein insentivstruktur for at tilsette sykklar meir (til dømes at ein kan føra reiserekning også når ein sykklar).
4. Etablere ei brukargruppe av syklistar til å hjelpe heradet i vidare utvikling av sykkeltilbodet.
5. Vurdera tilskot til omlegging til vinterdekk eller (behovsprøvd) tilskot til elsyklar.
6. Delta i «Sykle til jobben»-kampanjen våren 2026?
7. Vurdera å setja opp skilt 144 «Syklende» på bilvegane der det vert opplevd utfordrande å vera syklist. Definere dette i trafikksikringsplanen.
8. Lære av andre kommunar som har lukkast med høg sykkelandel.

Barrierar: kapasitet, kultur.

Organisering av arbeidet

Det er sett ned ei sykkelgruppe som har i oppgåve å samordne og setja fart på arbeidet med sykkel i Voss herad. Sykkelgruppa består av: Kjersti Næss Finne (plan), Elisabeth Lillegraven (prosjekt og utvikling), Haakon Innset (bygg og eigedom), Bjørg Lirhus Ree (trafikksikring), Nils Helge Fostervoll Kvamme (kultur og fritid) og Lina Hamre (klima- og miljørådgjevar).

Det er svært viktig at heradet arbeider tverrfagleg med sykkel. Til dømes bør det i samband med utbyggingsavtalar sytast for at rekkefylgjekrava ivaretek mjuke trafikantar, og at kostnadane ikkje fell på heradet i tilfelle der det kunne vore lagt på utbyggjar.

Erfaringsmessig vert sykkel nedprioritert i prosjektarbeid pga. kostnader. Skal ein lukkast med sykkelarbeidet er det viktig at dette har prioriterte midlar i budsjettet. Dette vil sykkelgruppa arbeida for å sikra.

Noko av arbeidet ligg utanfor administrasjonen sitt område, og vil måtta skje gjennom politisk påverknad.

Merknad

Sykkelstrategien vart godkjent av Rådmannen si leiargruppe i mai 2025, men er ikkje politisk vedteken.